


AUSTEVOLL KYRKJEBLAD

Nr.

1

2026

Årgang 30



Lys vaken



s. 3

Desember i kyrkja



s. 6-8

Takk for meg



s.11



Kristne verdjar

Kva ville du svart dersom nokon spurde deg om kva som er kristne verdjar? Ta gjerne ein pause før du les vidare, og tenk litt over kva du ville sagt.

Kanskje du tenkte på kjærleik? Eller var det ord som tilgjeving og nåde som kom opp i tankane? For nokon var det gjerne ord som undertrykking og dømmande haldningar som først dukka opp då dei las spørsmålet. Makt, koloniar, kontroll og slaveri høyrer også med til verdjar vi finn i den kristne historia.

Når vi les kyrkjehistoria meiner eg vi har ansvar for å forsøke å ta med ein bredde av minner. For den inneheld det vakraste og verste du og eg kan tenkje oss. Den inneheld ein lang rekke hendingar som er medverkande til at vi i dag lever i eit samfunn der menneskerettane står sterkt, men den same historia inneheld også kraftfull motstand mot at alle menneske har same verdi. Så kven avgjer kva som er kristent? Er likestilling ein kristen verdi? Eg ville svart ja i dag, men hadde eg vært prest på 1950- talet ville eg sikkert svara nei. På den tida arbeidde kyrkja aktivt mot likestilling. Det var ifølge både biskopar og prestar ein tanke som var unaturleg. Kvinner skulle være underordna menn, det kunne vi sjå både i Bibelen og i naturen!

Når vi tolkar og brukar historia har vi ofte lyst til å leggje vekt på det som stiller vårt eige livssyn eller politiske prosjekt i eit godt lys. Og då lagar vi ein historieforteljing der det fryktelege blir gløymt mens gode og lysande eksempel blir løfta opp. Vi kan fort ende opp med ein historiebruk som gir vårt eige livssyn ein forrang, mens vi trykkjer andre ned.

At vi får leve i eit demokrati der menneskerettane står relativt sterkt er det mange som vil ta ære for. Kristne tar ære for demokratiet, sosialistar tar ære for demokratiet, høgrepopulistar tar ære for demokratiet og humanistar tar ære for demokratiet. Men historia er langt meir samansett.

Humanisme, pietisme, arbeidarrørsla, kapitalismen og ikkje minst framveksten av velferdsstaten er nokre av elementa som har vore avgjerande for at vi i dag har ganske godt fungerande demokrati i Skandinavia. Ein kvar ideologi som vil eige heile fortellinga må gløyme store deler av historia. Alt som kan minna om å vera audmjuk må kastast på sjøen for å kunne hevde at mine verdjar og min tradisjon er den beste.

Ein Jøde som hadde fått namnet Paulus skreiv nokre berømte ord i avslutninga av eit brev til ein forsamling i Filippi. «*Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, det som er god livsførsel og som fortener ros, legg vinn på det!*»

Dette er slik eg ser det ein god rettleiing for å finne kva som er *kristne verdjar i dag*, men husk at dette ikkje er Paulus sine ord. Han låner dei frå nokon filosofer som levde lenge før hans tid. Så det er ikkje nokon grunn til å tenkje at Paulus sine ord er kristne. Dette er ord som kom til Paulus frå ein Hellenistisk tradisjon, og kvar orda har oppstått er det ingen som veit. Paulus tok orda med i brevet sitt lenge før det var noko som vart kalla kristent. Kanskje det ikkje er nokon ideologi som eig desse orda?

For meg må kristne verdjar knytast til minna vi har om Jesus sitt liv og lære. Han sa i følge Johannesevangeliet at han hadde eit bod til oss: «*De skal elske kvarandre slik eg har elska dykk!*» Kanskje det kan være eit svar på kva som *skal vere* dei kristne verdiane?



Lys vaken

I 2025 er det 13 år sidan vi fyrste gong hadde LYS VAKEN og det er stadig like populært her i Austevoll.

Namnet Lys våken handlar ikkje om at vi skal være vakne hele natta, men at vi skal være vakne overfor det som skjer i oss og rundt oss. Vi skal være vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølv. Ikkje minst kan vi oppleve at Gud er Lys våken for oss. Advent handlar jo nettopp om lyset som kom til verden. Dette skal vi feire – i tillegg til at 1. søndag i adventstida markerer starten på et nytt kyrkjeår.

31 glade 11-åringar overnatta i Storekalsøy kyrkje frå 15. – 16.november. Men før dei kraup godt under dyna eller ned i soveposen for å sjå på film og eta kinosnop, hadde dei mykje på programmet. Det var leik, dei lærte seg både song og dans til gudstenesta på søndagen og det var pizzafest.

For en gjeng dette var! Dei lærte seg songen og dansen på 1, 2, 3, Dei var so kjekke, høflege og lydhøyre!

Natta gjekk fint sjølv om enkelte meinte dei ikkje hadde blunda. Etter frukost var det ein gjennomgang av det som skulle skje på gudstenesta og det var også litt tid til at dei kunne få sjå litt på mobilane. Dei hadde nemleg vore på mobilhotell sidan dei kom til kyrkja.

Og for ei gudsteneste det blei!! Den var ved Hildegunn Teien og Regine Hatlevik Otterå. Audun Instefjord sat på orgelkrakken og Linda Marie Lundø hadde kontroll på alt det tekniske. Kyrkjeverja sto bak i kyrkjerommet og var så stolt!! Dette er ein gullstab!

Vi avslutta med kyrjekaffi med mykje kaker og folk tok seg tid til å drøsa med naboar, vener og kjente.

Alt dette hadde vi ikkje klart utan hjelp. Ein stooooor takk til foreldre, konfirmantar, jentene frå Framnes og ikkje minst til 11-åringane sjølv! Dette var ei utruleg kjekke helg



Dåpsbarna

Har du eit barnebarn eller eit oldebarn som ikkje bur i Austevoll? Send dåpsbilde til oss!



Arlén Isabell Hansen



Dorthea Lovise Toft



Dorthea Melingen



Jacob Tordal Drivenes



Leonard Rabben
Sekkingstad



Martin Barón
Berntsen



Nora Hevrøy
Hufthammer



Oscar Hausberg
Hilland



Tiril Haugland
Pedersen



Aftenbønn:

Kjære Gud jeg har det godt.
Takk for alt som jeg har fått.
Du er snill, du holder av meg.
Kjære Gud gå aldri fra meg.
Pass på liten og på stor.
Gud bevare far og mor
- og alle barn på jord!
Amen!



Lysmesse

Før konfirmantane våre fekk «juleferie» hadde me i slutten av november lysmesse. I tillegg til at alle 60 konfirmantane var der med familien sin, så hadde me eit barn som døypte seg i denne gudstenesta. Dermed var kyrkja stupfull. Konfirmantane kom flotte inn i prosesjon med kvite kapper på, og dei var med å bidra under heile gudstenesta med diverse oppgåver.

Konfirmantkoret framførte «Happy Xmas» og andre var med å tente lys og leste tekster og bønner. Ein skikkeleg fin gjeng har me dette året også.



Desember i kyrkja

Desember er ein veldig travel, men også veldig kjekk månad for oss som jobbar i kyrkja. Me føler oss heldig som får jobbe med å være ute blant folk og spre julebodskapet med musikk og forteljing. Mange store og små kjem innom kyrkjene våre denne tida. Nærare 4000 var innom kyrkjene våre i løpet av denne månaden!

Desember begynte med fleire kulturskulekonsertar der borna som går på kulturskulen får vise fram det dei øver på og jobbar med. Jammen har me mange flinke born her i Austevoll!

04.des gjekk ein gjeng frå kyrkja på besøk i glashuset i Bekkjarvik der me blant anna song og leste og fekk servert herleg «kyrkjekaffi» etterpå laga til av Marie Austevoll og Liv Vik.

Dagen etter var det duka for Seniortreff på PO senteret. Der fekk me besøk av Storebø FUS barnehage som song fine julesongar og Astrid Johanne Taranger fortalde om si barndomsjul. Det var utruleg spanande og høyre om korleis ting var på den tida og mange i salen kjende seg godt igjen i det som vart sagt.

Seinare den kvelden var det konsert i Austevoll kyrkje med Rune Larsen og venner. Han tok oss med gjennom juleevangeliet, tradisjonar og fortalde historia om den fjerne vismann Artaban som kjem for seint til

å møte Jesusbarnet i tillegg til songane dei framførte.

Vidare ut i desember hadde vi 3 store konsertar med lokale kreftar (i tillegg til vår eige Julekveld i kyrkja) i kyrkjene våre.

Fyrst ut var den tradisjonelle julekonserten i Stolmen kyrkje med Stolmen kyrkjekor og gjestar. Dei fyrste publikumma kom så pass tidleg at dei fekk konserten med seg nesten to gongar. For øving må til før ein slik happening. Kyrkja vart omtrent full.

Her bidrog koret, solistar frå koret, andre solistar og Sea Gulls til at taket nesten letta seg. For ein stemning! Regner med du har lese dei fine orda i Marsteinen om konserten.

Iris, Andrea, Sea Gulls – når de vert berømte og verdskjente, så husk at det var i Stolmen kyrkje det starta

Fredag 12.desember hadde Leif Ingvald Skaug invitert med seg Anneli Djupevåg Tafjord og Ester Birkeland Hordvik for å helde konsert i Austevoll kyrkje. Her var det flott song, med vakre stemmer i spedd fine ord med inn i ein desemberkveld

Berre nokre dagar etter, var Austevoll kyrkje full igjen. Denne gongen var det Koronitas som hadde konsert.





For nokon stemmer, for ein stemning, for en regi!
Her vart det latter og nokre tårer (les gledesårer) som rann.

Ein liten konklusjon etter julekonsertane: Ein treng ikkje reise vekk for å få dei store opplevingane og songstemma. For nokken talent og stemme vi har her i kommunen vår!

Det som også var gøy å observere, var at det var mykje forskjellig publikum på dei ulike konsertane – sjølv om veldig mange fekk med seg fleire av arrangementa.

09 og 10 desember fekk me besøk av alle barnehagane i Austevoll. Dei fekk då være med å dramatisere juleevangeliet. Så mange snille og flinke born!!

Etterpå var det Julefest i Storekalsøy kyrkje med song, dramatisering, julepregong, graut og så var me so heldig at nissen tok seg ein tur innom med noko godt i sekken sin til borna. Songgruppa med 1 og 2 klassingar framførte fine julesongar dei hadde øvd på.



11. desember var det gudsteneste med våre vener i NFU i Austevoll kyrkje. Dei var med og dramatiserte Juleevangeliet. Glade musikantar spelte. Om du ikkje har vore på ei gudsteneste med denne flotte gjengen,

så bør du få det med deg neste gong. Det er ein fantastisk opplevelse!

Så var me komen til veke 51. Her hadde me 5 skulegudstenester. Det var så kjekt å få alle skuleklassane på besøk! Dei song so godt at me fekk gåsehud og tårer i auga heile gjengen! Nokre av elevane var med og bidrog i gudstenestene med fin song, lesing og nydeleg pianospeling.

«Julekveld i kyrkja» hadde me også i Austevoll kyrkje for fjerde gong. Dette er noko me gler oss til og kosar oss med. Sjølv om det allereie har vert mykje musikk og underhaldning i kyrkja, så var det masse folk, noko som me sjølsagt synst er veldig stas! Som tradisjonen har blitt var det også i år song, forteljing og juleevangeliet. Audun og Kathrine opna konserten vakkert med Vita Lux på orgel og flygelhorn. Hildegunn las den koselege juleforteljinga «Karl Bertils jul» for oss. Våre kjære prest Tor Håkon må seiast å vera ein veldig sporty prest! Han heiv seg med og song O Helga natt med Arvid Søreide på slutten av konserten, noko som medbrakte stor applaus.

Julaftan var det også mykje aktivitet i alle kyrkjene! Som vanleg var det rundt 1000 stykk som var innom kyrkjene våre denne dagen. Tor Håkon og Audun dekkja 3 av kyrkjene i tillegg til PO senteret, medan lokalfolket på Storekalsøy og Hundvåkøy organiserte julaftan i sine kyrkjer med stor suksess.

Me på kyrkjekontoret vil takka for året som har gått og ønska godt nyttår til alle. Håpa å sjå dykk i kyrkja og andre tilstellingar i året som kjem.





Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:


Veit du
kva som går
opp når den
går ned?
Glidelåsen!

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn.
Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N




Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Vits:

Hvis du kallar
meg liten éin gong
til, så hoppar eg
opp og bit deg
i kneskåla!



Søndagsskolen – mer enn du tror



Nyttårstankar frå Øyvind



Som maskinist gjennom eit heilt liv har eg fått vera med på ei rivande utvikling – både mekanisk og elektrisk, for ikkje å snakka om elektronikken og alle duppeditane. Data her og data der, seier no eg. Jau då, det er heilt knall – heilt til det sluttar å fungera. Då vert det eit

ramaskrik. Då må me ringja kreti og pleti og be om hjelp, forklara og greia ut kva som eigentleg er ståa.

Og når dei kjem med forslag til løysingar, er det som regel det same: me må lasta ned eit program eller ein app, kopla til og lasta opp, lasta ned og lasta inn. Eg blir heilt sprø. Eg svarar litt spørjande:

«Ja, me har nett lasta fisk om bord – me brukte no ikkje nokon app då!»

Då vert det ofte litt stille i andre enden, og dei skjønar at no er dialogen heilt på smertegrensa.

Eg ser litt ned på den vesle skiftenøkkelen som tidlegare ordna det meste. Det er jammen ikkje lenge før fisken får datavirus òg, tenkjer eg. Får den ikkje lakselus, så får den sanneleg datavirus.

Å ta inn over seg alt det nye kan vera krevjande og utfordrande for ein tilårskomen kar som meg. Men heldigvis har eg desse flotte ungdommane med meg. Dei er litt meir firikanta i augo – og meir datakyndige – enn eg, dei trykk litt og på null komma niks fungerer det att.

Men når eg ikkje får hjelp har eg lært meg ein lur ting som eg vil dela med dykk, og det er svenskeknappen. Det er når me tek ein fullstendig reset av systemet – eller slår av hovudsikringa av og på, på godt norsk. Tru det eller ei: det fungerer oftast. Ein ny start var alt som skulle til. Virus og skit er sporløst borte. Eg kjenner meg brått som ein dataingeniør, rettar ryggen, klappar litt på skiftenøkkelen og tenkjer at du og eg er eit godt team.

Ein ny start endrar alt. Å få nullstilt systemet og byrja på nytt – med nye, kvite ark.

Det er 1. nyttårsdag, og me skriv 2026. Året ligg der framfor oss, ubrukt og klart til å vandrast i. Nyttårsforsetta har eg ikkje tenkt så mykje på, men kanskje eta litt mindre og trimma litt meir? Eller me får no nett berre sjå når svolten kjem – om han blir verande eller forsvinn.

Heile tidsrekninga vår er basert på Jesu fødsel – den mest innflytelsesrike personen som nokon gong har levd, og som framleis lever midt iblant oss. Då starta me på null og resette klokken våre, og verdsklokka. Han vart truleg ikkje fødd på juledag, det er både me og forskarane samde om, og me er òg samde om at årstalet sprikar med to–tre år. Men det er ikkje poenget. Me kan ha ei kristen tru sjølv om klokkeslett og dato ikkje stemmer på sekundet. Ei kristen tru handlar om relasjon – ein relasjon til Gud og ein relasjon til kvarandre.

Jesus kom med noko nytt: eit tilbod om ein ny start for alle menneske. Ikkje basert på prestasjonar, nasjonalitet, hudfarge eller kven du likar, men på hans kjærleik til oss. Ingen bagasjesjekk og ingen skjerpings. Alt er resett og nullstilt.

Det er berre eitt spørsmål: Trur du at Jesus elsker deg, og at han har gjeve deg ein ny start?

Den bortkomne sonen i Lukas 15 kom heim og fekk ein ny start – han kom til seg sjølv - og ikkje berre det: det vart full fest, gullring og nye klede.

Johannes skriv:

”Og Ordet vart kjøt og tok bustad iblant oss. Og me såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå sin Far, full av nåde og sanning.” (Johannes 1,14)

Dette gjeld òg i dag. Det er ikkje alle som veit det eller kjenner det, og det forstår eg. Slik var det med Jakob i Det gamle testamentet òg, då han la seg til å sova med ein stein til pute. Han drøymde om ei stige som gjekk heilt opp til himmelen, med englar som steig opp og ned, og Herren som var rundt han.

Då han vakna, mintest han draumen og sa:



«Sanneleg, Herren er på denne staden – og eg visste det ikkje.» (1. Mosebok 28)

Ein annan Josef, Jesus sin verdslege far, blei også møtt i ein draum. Før han la seg til å sova var han bestemt på å bryte med Maria, men i draumen vart han overtydd om at Gud var til stades og når han vakna var det inga tvil, han skal heita Immanuel - som betyr Gud er med oss.

*De var litt nyttårstankar frå meg.
Husk at du er omslutta av Guds kjærleik
dag og natt*

*Ønsker alle eit godt nytt år og
Guds signing*

Takk for meg

Da er kapitelet som kyrkjevevje snart over.

Eg synes ikkje det er so lenge sidan Jan Tørres ringde meg og spurte om eg kunne tenkje meg å stille til val for Austevoll sokneråd. Eg husker endå at eg lo og lurte på kordan han kom på den tanken. Han tenkte på engasjementet mitt og humøret. Etter ein kort tenkepause sa eg ja, og har aldri angra på det.

Ja, for det var som soknerådsmedlem i 2011 reisa mi i Austevoll kyrkjelyd starta. Og det var visst fleire som tenkte på engasjementet mitt og kanskje humøret mitt den gongen. Ved oppteljing hadde eg 2 stemme mindre enn han som toppa antal stemme det året. Då vart eg stum, og det er ikkje so ofte eg blir.

I 2013 starta eg forsiktig i administrasjonen og i trusopplæringa og sidan då har det blitt andre og fleire arbeidsoppgåver. Til sist no som kyrkjevevje sidan august 2020.

I starten var det fleire som lurte på korfor eg ville jobbe i kyrkja, om eg var ein kristen.

Eg, som tyter og maser i tide og utide, som likar godt eit glas vin, som ikkje har gått så alt for mykje i kyrkja. Eg som ikkje eingong les for mykje i Bibelen.

Å vera ein kristen i kvardagen handlar for meg om å prøva og vera eit godt medmenneske, prøve å gjera nokke godt for dei rundt meg, sjå dei rundt meg. Som ein sa til meg ein gong; ein dag utan at eg får hjelpa dei rundt meg er ein dag utan meining. For meg er det ein flott filosofi. Eg har alltid også tenkt på at Jesus sa at «la dei små borna kome til meg, hindra dei ikkje». Det har også hatt stor betydning for meg. Eigentleg så tenkjer eg at vi er vel alle små born i hans auge.

For ei reise eg har vore med på desse åra!! So mange og flotte opplevingar, alle dei flotte menneska eg har truffet, alle klemmane eg har fått og gitt. Om eg skal trekke fram nokre episodar, så er det ml a åra med konfirmantane. Sjølv den dag i dag er det so kjekt å treffe dei!!

Og alle dei som har vore med som tårnagentar, med på Lys vaken, julefestar og andre tiltak. Det er ikkje få små og halvstore gull som har gått rett i hjarte mitt.

Fyste fredag i månaden er det Seniortreff PO-senteret, og det kjem folk frå heile kommunen. Det er fantastisk å treffe den eldre garde desse dagane. Den takknemlegheita, alle dei historiene, alle klemmane – blir varm om hjartet berre med tanken. Dette og andre tiltak / aktivitetar hadde vi ikkje fått til utan dei frivillige. Dei gjer ein fantastisk jobb. Ein stor takk til dei alle!

Om eg skal trekke fram ein dag i løpet av desse åra, so blir det dagen Tor Håkon vart vigsla. Det var ein stor dag! Det var ikkje få lommeørkle eg brukte den dagen. Eg grein omtrent i ett frå eg såg Tor Håkon den dagen til festen var over.

Ei anna episode var fyrste gong eg traff Biskop Ragnhild. Eg vart heilt starstruck! For ein dame! Og ho hugsar oss, ho ser oss og følgje med oss her i Austevoll.



Eg må takke dåke alle og ein kvar her i kyrkjelyden. For alle dei gode tilbakemeldingane dåke kjem med, tilliten dåke har vist meg, alle samtalenene, all god hjelp, alle klemmane, det gode samarbeidet. Dåke er gull!!

Soknerådet – for en gjeng!! So engasjerte, so hjelpsame.

Kristin prost – ein stor takk for godt samarbeid, god hjelp. Ei kloke, flotte dame.

Maria og Arvid hos Dahls begravelsesbyrå, takk for godt samarbeid. Dei er trygheitene sjølve.

Eg har sagt nokre gongar no at eg forlèt no ein skute som flyt godt. Dei røde tala i rekneskapen er blitt meir rosa, (takkt til Odd Ivar) staben er helt fantastisk!! Regine, Linda Marie, Hildegunn, Audun, Odd Magne, Tor Håkon, Øyvind, Edden, Ragnhild, Kathrine, Marie Liv, vikarane våre - dei er gullstaben Kyrkja i Austevoll hadde ikkje vore det den er utan denne fantastiske gjengen!! Eg må også sende ein takk til klippen i livet mitt – Egil. For at han alltid er der, høyre på maset mitt og ikkje minst hans og familien min sin tålmodighet

No overlèt eg skuta til Regine. Eg veit at ho vil helda den flytande. Austevoll kyrkjelyd er i trygge hender!

1.mars kan eg titulere meg som kyrkjetenar, i 50 %. Det ser er verkeleg fram til. I fyrste omgang skal eg



rundt å stelle og stulle litt i alle kyrkjene (les rydde og vaske).

Eg innbiller meg at eg skal få litt meir fritid, kanskje litt tid til meg sjølv. Eg får i hvertfall meir tid til dei du ser på bildet under. Der ser du nesten heile flokken min. Sidan dette bilde blei tatt, er flokken utvida med 3 stykk + at eit barnebarn mangla denne dagen. Kjernefamilien Kvinge består av 27 stykk i stort og smått. Stoltheitene mine! Dei betyr alt for meg.

Ja, eg gler meg til det neste kapitelet i livet mitt. Og eg gler meg til fortsettelsen i Austevoll kyrkjelyd og til å sjå deg i kyrkjene våre.

Takk for meg, so langt!

GJEVARTENESTA I AUSTEVOLL KYRKJELYD

Kyrkjelyden har dei siste åra opplevd ei svært positiv utvikling, og då særleg i forhold til barne- og ungdomsarbeidet. Ein dyktig stab arbeider heile tida med å betra og utvida tilbodet.

Ynskjer DU å bli fast gjevar, enten til trusopplæringa eller til ei av kyrkjene våre? Ei fast gåve med bidrag over kr 500,- og opp til kr 25 000,- pr år gjev rett til skattefrådrag og vil verta innrapportert frå kyrkjekontoret.

Eller ønskje du å gje ein enkelgåve?

Du kan vippe til #100 855# eller scanne QR-koden.

Du kan også bruke eit av kontonummerne på denne sida.

Ønskje du å vite meir? Kontakt oss på kyrkjekontoret, tlf. 5508 2600

Her finn du dei ulike kontrnr:

Austevoll kyrkje:	3628.71.47575
Bekkjarvik kyrkje	3628.55.65248
Hundvåkøy kyrkje	3628.55.65264
Stolmen kyrkje:	3628.55.65256
Storekalsøy kyrkje	3628.55.78943
Trusopplæring:	3628.55.65430

**TAKK for
di støtte og
engasjement**



Annonser



MØRENOT
FISHERY

Mørenot Austevoll AS – 5397 Bekkjarvik
Tlf 56 18 17 50 – Faks 56 18 17 55
Butikk Salthella: 56 18 17 53
Butikk Bekkjarvik: 55 08 34 00
Austevoll@morenot.no

WWW.SP.V.NO | TLF. 05555



SparebankenVest
– satsar på Vestlandet



Vestbjørn AS

Tlf 93281142 Morten Lysvold Nilsen
morten@vestbjorn.no



**NORTH SEA
SHIPPING**

**Bekkjarvik
Torg**

www.bibel.no

Under Nettbibelen finner du:

Bibeltekstene • Dagens bibelord • Søndagens bibeltekster



**El. Entreprenør
Kjell Elholm a.s.**
5392 Storebø
Tlf.: 56 18 04 09 - Fax: 56 18 00 33
Foretaksnr.: NO 955 403 932 MVA



*Salg, navnetilføyelse, oppussing
og oppretting av gravsteiner*

Odd Magne Engelsen
91 14 82 78

Uglenevgen 68, 5396 Vestre Vinnesvåg



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no
telefon 712 99 250

BEKKJARVIK GJESTGIVERI



Overnatting - Kurs/Konferanse - Catering - Selskap - Galleri

Tlf: 55 08 42 41 Fax: 55 08 42 41

post@bekkjarvikgjestgiveri.no www.bekkjarvikgjestgiveri.no

Kalender for våren:

VI GÅR TIL KYRKJE:

01.02 kl 11.00 Bekkjarvik kyrkje
 08.02 kl 18.00 Austevoll kyrkje – kveldsgudsteneste
 15.02 kl 11.00 Storekalsøy kyrkje
 22.02 kl 11.00 Austevoll kyrkje
 01.03 kl 11.00 Stolmen kyrkje
 08.03 kl 11.00 Austevoll kyrkje
 15.03 kl 11.00 Hundvåkøy kyrkje
 22.03. kl 11.00 Austevoll kyrkje – Utdeling av NT og Barnas påskedag
 29.03 kl 12.00 Møkster kapell



02.04 kl 18.00 Austevoll kyrkje
 03.04 kl 11.00 Austevoll kyrkje
 05.04 kl 11.00 Austevoll kyrkje
 06.04 kl 11.00 Stolmen kyrkje
 12.04 kl 18.00 Storekalsøy kyrkje – kveldsgudsteneste
 19.04 kl 11.00 Austevoll kyrkje – samtalegudsteneste
 25.04 kl 11.00 og 13.00 Austevoll kyrkje – konfirmasjon
 26.04 kl 11.00 Austevoll kyrkje – konfirmasjon
 02.05 kl 11.00 Stolmen kyrkje - konfirmasjon
 03.05 kl 11.00 Hundvåkøy kyrkje - konfirmasjon



Seniortreff kl 11.00 på Austevoll PO-senter

Fredag 6.februar
 Fredag 6.mars
 Fredag 10.april
 Fredag 8.mai
 Fredag 5.juni

Her vert det underhaldning, andakt og servering. Håpar vi ser deg!

Med forbehold om endringar

Det meste vert no annonsert via kyrkjebladet, Facebook, kommunen sin kalender og kalenderen på heimesida vår; austevoll.kyrkja.no
 Følg oss også på Facebook – kyrkja i Austevoll
 Klipp ut kalenderen.

BABYSONG

Hundvåkøy kyrkje,
 10 onsdagar frå kl 10.00 – 11.30.
 Oppstart 21.januar – sjå facebook

TELEFONLISTE

Kyrjekontoret 55 08 26 00
 Kyrkjevevje 55 08 26 02
 Prest 55 08 26 03
 Kyrkjelydspedagog 55 08 26 04 / 93 22 63 71
 Organist 55 08 26 01 / 47 62 14 49
 Kyrkjegardsarbeider 55 08 26 07
 Trusopplæringsmedarbeidar 55 08 26 05
 Dagleg leiar 99 29 15 47
 Kontorleiar 93 42 59 63
 Sokneprest 47 23 27 01
 Kyrkjegardsarbeider 91 14 82 78
 Soknerådsleiar 95 78 18 86
 Kyrkjetenar 40 30 99 60
 Hundvåkøy kyrkje 40 45 53 19
 Redaktør Kyrkjebladet 55 08 26 02
 Vikarprest 99 20 36 55

Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14
 Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14

Hildegunn Teien
 Audun Instefjord
 Onsdag, 9-12

Karen Kvinge
 Regine H. Otterå
 Tor Håkon Eiken (laurdag og mandag er presten sin fridag)
 Odd Magne Engelsen
 Eivind Hatlevik
 Linda Marie Lundø
 Marie-Liv Østervold
 Karen Kvinge
 Øyvind Sivertsen

NB! Me gjer merksam på at staben kan vera ute på oppdrag også i kontortida.



SLEKTERS GANG

Døyppte

Austevoll kyrkje:

Tiril Haugland Pedersen
Dorthea Melingen
Arlén Isabell Hansen
Elias Elholm Jensen
Oscar Hausberg Hilland

Bekkjarvik Kyrkje:

Dorthea Lovise Toft
Torjus Østervold
Jacob Tordal Drivenes
Thale Røssland

Stolmen Kyrkje:

Leonard Rabben Sekkingstad
Martin Barón Berntsen

Olsvik kyrkje:

Nora Hevrøy Hufthammer

Vigde

Ingvild Hårklau & Magnus Vie Sundal

Rosehagen 30.08.2025

Synne Hjertøy Andersen & Henrik Storesund

Austevoll Kyrkje 20.09.2025

Cathrine Høsøien & Anders Martinus Heimseth

Bekkjarvik Kyrkje 04.10.2025

Døde:

Norleif Sigmund Rabben

14.08.1939 – 29.10.2025

Astrid Olaus Kleppe Økland

29.08.1926 – 15.11.2025

Gunnar Arvid Jensen

12.09.1964 – 14.12.2025

Oddvin Inge Otterå

10.02.1947 – 14.12.2025

Ingeborg Kjellevold

13.05.1922 – 17.12.2025

Olaus Ester Vaage

22.03.1938 – 20.12.2025

Ønskje du ein stille stund i kyrkja?

*Ta kontakt med oss på tlf 55082600
Og vi opnar Austevoll kyrkje for deg*

Takk for minnegåver:

I forbindelse med **Olaus Ester Vaage** sin bortgang vart det gjeve ei minnegåve til Stolmen kyrkje.

Soknerådet vil retta ei hjarteleg takk til familien for gåvene og samstundes ynskja
Guds signing over Olaus sitt kjære minne.



Gje meg handa di ven når det kveldnar
Det blir mørkt og me treng ei hand
La dei ljose og vennlege tankar
Fylgje oss inn i draumars land
Lat varmen frå ein som er glad i deg
Tenne stjerner i myrkaste natt
Gje meg handa di ven
Når det kveldar
Det blir mørkt og me treng ei hand

Varme tankar og hender som trøystar
Er som sol over frosen jord
Kjenne varmen frå ein som er nær deg
Gjev langt meire enn store ord
Lat varmen frå ein som er glad i deg
Tenne stjerner i mørkaste natt
Gje meg handa di ven når det kveldar
Det blir mørkt og me treng ei hand

